

 <b>HORDALAND</b> <b>FYLKESKOMMUNE</b>	<h2>Retningslinjer for ressursteam</h2>			
	Dokumenttype: Retningslinje	Godkjend av: Svein L. Heggheim	Gjeld frå: 04.09.2013	Tal sider: 2
	Utarbeidd av: Opplæringsavdelinga	Godkjend dato: 04.09.2013	Revidert dato:	Arkivsak:

Ressursteamet er eit rettleatings- og drøftingsforum for pedagogiske problemstillingar. Teamet skal medverke til å styrke den spesialpedagogiske/pedagogiske kompetansen og ta initiativ til førebyggjande arbeid.

Arbeidet i ressursteam er forankra i opplæringslova og forskrifter til denne og i lokale styringsdokument for Hordaland fylkeskommune. Spesielt gjeld dette:

- Opplæringslova § 5.4, Plikt til å vurdere utbytet av opplæringa før vedtak om spesialundervisning
- Rundskriv F-04-13 frå Kunnskapsdepartementet: Informasjon om endringar i opplæringslova (spesialundervising m.m.)
- Rettleiar til opplæringslova om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning
- Opplæringslova kap. 9a, Elevane sitt skolemiljø
- Hordaland fylkeskommune, Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet 2013-2015,
- Hordaland fylkeskommune, Prosedyrar for sakshandsaming av søknader om spesialundervisning
- Hordaland fylkeskommune, Prosedyrar for utvida rett
- Hordaland fylkeskommune, Årsplan for skulane: Arbeid med spesialundervisning
- Hordaland fylkeskommune, Rutine for tilvising til OT/PPT, Hordaland fylkeskommune

### Innleiing

Det er viktig at ressursteamet er nært knytt til leiinga ved skulen og at rektor tek del i møta. Rektor er skulen sin øvste pedagogiske leiari og skal saman med resten av leiinga vera pådrivar for strategisk utvikling med vekt på auka læringsutbytte for elevane.

Skulane skal ha klare retningslinjer for samarbeid mellom teamet og kontakt- og faglærarnivå og elevar.

Teamet skal vere ein ressurs i skulen sitt arbeid med elevane sitt skolemiljø, jf kap.9a i opplæringslova.

Ressursteamet skal ha gode rutinar for handsaming av saker, tilbakemelding på tilvisingar og evaluering av tiltak.

Ressursteamet skal ha ei sentral rolle i skulen sitt arbeid med å auke gjennomføringa.

### Samansetjing, mynde og struktur

- Ressursteamet er eit rådgjevande organ. Det er rektor som fattar vedtak
- Teamet skal vere sett saman av rektor, rådgjevar, elevinspektør, lærar med spesialpedagogisk kompetanse, OT/PPT og skulehelsetenestenesta. Skulane står fritt til å ta med andre i tillegg. Det bør ikkje vera færre enn tre faste deltakarar frå skulen



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

## Retningslinjer for ressursteam

Dokumenttype: Retningslinje	Godkjend av: Svein L. Heggheim	Gjeld frå: 04.09.2013	Tal sider: 2
Utarbeidd av: Opplæringsavdelinga	Godkjend dato: 04.09.2013	Revidert dato:	Arkivsak:

- Teamet skal utarbeide ein årsplan som viser faste oppgåver, ansvar og fristar. Årsplanen skal vere tilgjengeleg for alle på skulen
- Teamet skal ha planfesta møte. Skulen skal sende ut sakliste i god tid der det kjem klart fram kva saker som skal opp. Sakene må beskrivast i form av problemstilling/situasjonsbeskriving slik at deltakarane i teamet kan førebu seg til møta. Skulen skal skrive referat frå alle møta. Dersom referatet vert sendt via e-post, skal elevnamn erstattast med referansenummer, men skulen må ha eit referat med eleven sitt fulle namn. Referat som vert sendt pr. post eller vert lagt i eiga mappe på "It's Learning", kan innehalde namn på eleven, eventuelt initialar. Referatet skal klargjere kva oppgåver som skal utførast, av kven og når desse skal vere gjennomførte/evaluerte
- Møteplan for ressursteamet på skulen skal ligge på "It's Learning" slik at alle som ønskjer kontakt eller har behov for drøfting og rettleiing, kan melde dette til teamet

### Oppgåver i ressursteamet

- Følgje opp overordna styringsdokument og retningsliner
- Styrke den spesialpedagogiske/pedagogiske kompetansen ved skulen
- Vere rettleatings- og drøftingsforum for spesifikke og generelle pedagogiske problem
- Ta initiativ til førebyggjande arbeid. Arbeide med satsing mot fråfall og elevane sitt skolemiljø
- Gje rettleiing for overgang mellom grunnskule og vidaregåande opplæring og overgang til arbeidsliv
- Gje rettleiing om individuelle opplæringsplanar og årlege rapportar
- Følgje opp arbeidet med dokumenta som ligg i NSSU, mellom anna når det gjeld fristar
- Drøfte søknader om utvida rett
- Enkeltsaker som skulen ønskjer å tilvise til OT/PPT
- Årleg evaluering av arbeidet i ressursteamet

Retningslinene gjeld frå skuleåret 20013/14, og Rundskriv HF - 5/2007 Retningslinjer - ressursteam som endringsarena vert oppheva.